



Motvind Vestland med kvinnheringar ved Grieghallen i går. F.v: Annemor Ekeland, Astrid Døssland, Hallvard Rød og Elsa Helleland

I høve den store Vestlandskonferansen i Grieghallen i går var Motvind Vestland på plass for å markera sin motstand mot landbasert vindkraft. Astrid Døssland og Hallvard Rød frå Uskedalen i tillegg til Annemor Ekeland (Valen) og Else Helleland (Omvikdalen) var med på markeringa. Astrid Døssland var kledd i bunad.

Vestlandskonferansen er ei samling for næringsliv, utdanning og finanslivet. Tema i år var korleis gå styrka inn i det store skifte som vil koma med tanke på miljøet. Kurt Oddekalv var ein av innleiarane på konferansen. Han synte solidaritet med markeringa.

Motvind Vestland var ein av mange miljøorganisasjonar og vindkraftmotstandarar som møtte fram i går, tidleg på morgonene frå kl. 07.45, då delgatane kom til Grieghallen. Det var god stemning med kaffi og bollar. Det vart delt ut flygeblad med informasjon til deltakarane. og mange stoppa opp for ein liten prat.

Motvind Vestland sitt mål med aksjonen er å sei noko om at ein vil ha utvikling og vekst på kysten utan å ta i bruk landbaserte vindturbinar. Det kan gjerast ved ei berekraftig utvikling med tanke for både naturmangfaldet og klima.

Astrid Døssland og Hallvard Rød fortel at det vert ny markering i Bergen alt laurdag 14. mars

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Annemor Ekeland